



Stord Hotell

Eit besøk
du vil hugse!

Velkommen til oss!

Ein perfekt destinasjon

I hjartet av Sunnhordland, mellom fjord og fjell, finn du Stord hotell. Me har røter attende til 1971 og er i dag eit moderne hotell med sjarm og særpreg. Her finn du eit perfekt utgangspunkt for friluftsliv, avslapping og kulinariske perler – enten du har med deg den gamle venninnegjengen, den nye kjærasten eller heile storfamilien. Uansett kva du har lyst til å gjere i ferien din, er Stord eit perfekt utgangspunkt for store opplevingar.

Tid for avslapping og store matopplevingar

Innimellom fjellturen, konferansen og middagen kan du nyte di eiga tid i vår flotte spa- og velværeavdeling, der alle gjestene har fri tilgang. Viss du verkeleg vil få opp pulsen og motivasjonen, kan du ta ei rask økt på treningsrommet eller ein 200-meter i bassenget.

Stord hotell er også eit kulinarisk sentrum der du kan nyte fersk og lokalprodusert mat med råvarer av høg kvalitet. Her bur du midt i «matfatet Sunnhordland»!

Ei hotelloppleving utanom det vanlege

Hotellet vart delvis renovert i 2019 og har i dag 172 rom av ulik storleik og standard, samt åtte fleksible konferanserom med kapasitet for inntil 325 personar.

Visjonen vår er å vere førsteualet ditt av hotell i Sunnhordland og vere blant dei fem beste og mest føreterkte hotella mellom Bergen og Stavanger. Enten du reiser i jobb eller fritid, skal me gje deg ei oppleving som går over all forventning, slik at du får lyst til å besøke oss igjen og igjen.

Sjå romma våre her





A photograph of a spa and wellness area. The background features a large wall of vertical panels displaying a sunset over a lake. In the foreground, there is a wooden deck with two wicker armchairs and a small table. A swimming pool with a waterfall feature is visible in the lower half of the image.

Spa og velvære på Vikjo Bad

Finn energien du treng

I den nye velværeavdelinga vår kan du kople av, nyte atmosfæren, og hente heilt ny energi til dagens strabasar.

Nyt ein frisk frukostbuffé før du ruslar attende til rommet og ikler deg den mjuke badekåpa og hotelltøflane. Spaser tørrskodd frå hotellrommet og ned til den nye bassengavdelinga der du trer inn i ein heilt eigen atmosfære.

I vårt moderne spa med basseng, massasjedusjar, vasskanon, swimjet, varmosteinar og badstue finn du det du treng for å få roa og senke skuldrene.

Ta nokre rundar i bassenget for å få opp energinivået og la godkjensla og endorfina bli med deg resten av dagen.

Vikjo Bad er ein stad du gler deg til å besøke – eit ekstra høgdepunkt under opphaldet på Stord hotell.

Les meir om Vikjo bad her





Mat for hovud og hjarte

For at hjernen og hjartet skal få sitt, treng også magen påfyll. Innimellom alle aktivitetane sørgjer me for frukost, lunsj og middag av ypparste kvalitet slik at du får eit best mogleg utgangspunkt for dagen og kvelden.

Sunnhordlands beste frukostbuffé

Me satsar stort på lokale råvarer og tilbyr deg eit breitt utval som gjev påfyll av energi og ein god start på dagen. Her kan du ta for deg av heimelaga, variert og fersk mat laga av lokale råvarer, slik at du kan starte dagen proppfull av energi. Prøv mellom anna vår heimelaga müsli!

Brasseri 59°

Her blir sør-amerikansk stil foreina med ein kortreist og kvalitetsrik meny i ein heilt unik atmosfære. Opplev kjensla av å kome til ei «ny verd», der stemninga er avslappa, varm og hyggeleg. Her kan du nyte ein nydeleg selskapsmiddag, à la carte, eller berre slappa av med ei god bok og ein smårett.

Sushi 59°

Hjå oss får du servert ferske råvarer av høg kvalitet. Kokken vår Aleksei har drive med sushi lenge og veit nøyaktig korleis han vil ha det – det handlar om gode råvarer, rett førebuing og presentasjon. Med sin kunnskap og lidenskap for faget byr han på dei beste sushi-smakane for lokale og tilreisande gjestar.

Energimeny

God pausemat er viktig for kurs- og konferansegjestar, og kjøkkenet vårt tilbyr heimelaga og smakfulle smårettar av lokale, energirike og ferske råvarer. For å halde konsentrasjonen på topp tilbyr me ein energimeny med eit stort utval av smoothies, frukt og bær, heimelaga bakverk, knekkebrød, rundstykke, bagettar og wraps.



Les meir om mattilboda våre her



Klosterlaks

Førsteklasses fileter av laks saltes, marineres, røykes og tørkes. Kombinasjonen av salt og røyk fungerer som konservering i tillegg til å forsterke alle de spennende smakene. Røkelaksen vår kommer i fire blendende/spennende smaker – den naturlige som taler for seg selv, ein marinert i den verdensberømte botaniske ginen fra Bareksten, einer med et snev av pinjesmak og peppersmak, og chili en med den spennende krydrede prikken.

www.klosterlaks.no



ALT INNEN STORHUSHOLDNING

Telefon: 55 14 10 30 - firmapost@makestad.no
Lønningshaugen 2, 5258 Blomsterdalen

www.makestad.no

We are a driver for sustainable and renewable resource usage in local and regional communities and leveraging on cross-over competences and solutions, we believe this is creating value for companies and societies.

We are a hands-on service company, and with our experts, we provide smart service solutions and add values to our clients.



SMART ENERGY SERVICES

Eldøyane 177, 5412 Stord • Tlf. 983 30 000
E-post: post@alltecservices.no
www.alltecservices.no



Torgbakken 9,
5411 Stord
Tlf. 907 67 262
post@genieas.no



Genie



På lag med naturen utvikler vi produkter og løsninger som styrker din konkurransekraft

tine.no



TINE PARTNER

*– Me ligg i hjarta
av Sunnhordland,
på Leirvik*



JS/NORGE · Concept: JS Media Tools A/S · 115428 · www.jsnorge.no



Stord Hotell

Kjøtteinsvegen 67, 5411 Stord | booking@stord-hotel.no | tlf: 53 40 25 00 | stord-hotel.no

